



## Årsmøte 2021 Sunnmøre Golfklubb

Dato: 11. Februar 2022

Stad: Quality Hotell Ulstein / Teams

### Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og 2 personar til å undertekne protokoll
3. Behandling av årsmelding og rekneskap for 2021 i revidert stand
4. Vedta laget sitt budsjett for 2022
5. Vedta kontingent for 2022
6. Val av styremedlem 2022
7. Val av kontrollutvalg
8. Eventuelt

### 1. Innkalling og sakslista

Både innkalling og sakslista vart godkjent utan kommentar.

### 2. Val av møteleiar, referent og 2 personar til å undertekne protokoll

Møteleiar: Oddhild Sandanger  
Referent: Karsten Sævik

Underteikne protokoll: Jogeir Romestrand  
Jon Ove Ringstad

### 3. Behandling av Årsmelding 2021 og Rekneskap for 2021/revidert

Årsmeldinga vart lesen gjennom av møteleiar. Det var ingen spørsmål til denne.

Økonomiansvarleg Olav Haug Vikebakk gjekk gjennom regnskapen for 2021. Regnskapen viser ei god auke i driftsinntekter mykje grunna auka aktivitet i klubben med blant anna fotballgolf, golfsimulator samt svært god aktivitet på driving range. Driftsinntekter på ca 3,16 millionar kroner er godt over budsjettet på omlag 2,69 millionar kroner, og er moglegvis største driftsinntekta i klubben si historie. I tillegg har det vore sterkt kostnadsfokus som totalt har resultert i eit godt regnskapsmessig overskot på omlag 711.000, omlag 600.000 betre enn budsjett. Driftskreditten som i fleire år tidlagare vart trekt heilt opp, har ikkje vore nytta i 2021. Alle bankavtalar er no også samla i ein og same bank - SpareBank1 Søre Sunnmøre som også er hovudsponsor.



Vedtak: Årsmeldinga for 2021 og revidert Regnskap for 2021 vart godkjent som framlagt.

#### **4. Vedta laget sitt budsjett for 2022**

Økonomiansvarleg Olav Haug Vikebakk gjekk gjennom forslag til budsjett for 2022. Budsjettet er konservativt i høve til regnskapen for 2021 og ligg omlag på nivå med budsjettet for 2021. Årsaka til det er at ein trur kanskje at medlems- og aktivitetsveksten kan ha vore utløyst av Korona restriksjonar andre stadar i samfunnet. Golf og fotballgolf har i mindre grad vore påvirkta. Klubben har også gjennom begge dei to siste sesongane søkt på og mottatt støtte frå Hareid Kommune på grunn av restriksjonar i høve tilstelningar med arrangement og klubbhousutleige.

Vedtak: Budsjett 2022 vart godkjent som framlagt.

#### **5. Vedta kontingent for 2022**

Styret la fram i Årsmeldinga sin innstilling til kontingentnivå for 2022. Styret meiner at med to gode regnskapsår for 2020 og 2021, bør kontingentane ligge på same nivå som for 2021.

Vedtak: Forslaget vart godkjent.

#### **6. Val av styremedlem 2022**

Valgkomiteen har gjort eit godt arbeid og klart å finne fram til kandidatar til nytt styre for 2022. Det vert stor utskifting i det komande styret, noko som ein vonar vil utjamne seg i åra som kjem.

Namn	Status	Rolle
Sveinar Øvreli	Gjenvalg	Baneansvarleg
Anders Oksavik	Rykker opp frå varamedlem	
Hallvard Pettersen	Ny	Økonomiansvarleg
Marius Odne	Ny	
Henriette B. Johnsen	Ny	
Henrik Ingeberg	Ny	
Kristoffer Kvalsvik	Ny	
Rasmus Sundgot	Ny	Fotballgolf

Varamedlem: Jeanette Teigene

Valgkomiteen består av Lise Sande (leiar) og Karen Strand. Lise er ikkje på valg mens Karen stod på gjenvalgs, og velgast for eitt nytt år.



Vedtak: Forslaget frå valgkomiteen vart godkjent med akklamasjon.

## **7. Val av kontrollutvalg**

I kontrollutvalget sit Leif-Per Breivik og Bjørnar Sunde Gjerde. Janet Gjerde er varamedlem.

Kontrollutvalget tek ei ny periode på eitt år.

Vedtak: Godkjent

## **8. Eventuelt**

Det kom innspel frå salen (Michael P.K. Degn) gjeldande banetilhøva. Michael har vore styremedlem tidlegare og då ansvarleg for bane og verkstad. Han er ein ivrig golfspelar og ser med uro på at fairwayane ikkje har vort dressa (påstrødd sand) i nevneleg grad. Likeeins er han uroa for tilstanden på vatningsanlegget (Rainbird) som treng oppdradering både av kontrollsistem og programvare. Tilslutt kom han med ei tilråding for å få opp dugnadsånda i klubben att. Dersom det vert laga ein dugnadsplan for året om kva ein ynskjer å få utført på dugnad, kan denne planen leggast ut på heimesida/Facebook sida, slik at dei som kan bidra kan melde seg på dei ulike aktivitetane der ein meiner ein har noko å bidra med.

Tilbakemelding til Michael vart gjeven frå styret:

Styret seier seg langt på veg einig i meldinga frå Michael og takkar for godt innspel i høve dugnadsdeltaking. Dette vert noko som det nye styret også har vort oppmoda å sjå meir på i Årsmeldinga då sitjande styre har slete med å få god nok deltaking frå medlemmane på mange av dugnadane som har vore utlyste.

Vår tidlegare Green Keeper (Dennis Willadsen) utarbeidde ein plan for korleis bana skal haldast vedlike, og styret har hatt som mål at det er denne planen som skal fylgjast framover. Eitt av elementa i denne planen er å køyre på mange hundre tonn med sand på fairwayane for å få eit sunnare jordsmønster for grasveksten. Dessverre har styret ikke funne økonomi til å gjennomføre det i så stort monn, men det har vore prøvd utført på nokre av fairwayane med godt resultat. Utfordringa for klubben er å få sanden spreidd effektivt utover då dette er eit svært stort areal og krev effektive maskiner for å få det spreidd ut. Det er innhenta prisar på levering av sand til golfbana, og det ser ein kan vere overkomeleg med den økonomien klubben no har. Dette er ikkje eit tiltak som er lett, eller mogleg å gjennomføre i løpet av ein sesong, men kan like gjerne delast opp og takast stegvise gjennom fleire sesongar. Då sprer ein også banevedlikehaldet utover ei større periode og slepp å få same behovet kvar gong dette må gjerast. Det er også gunstig i forhold til den økonomiske belastninga dette er.

Tilsutt vart utgåande styre/styremedlemmar og styreleiar takka av for innsatsen.

Signaturar:

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Jøgeir Romestrand".

Jøgeir Romestrand

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Jon Ove Ringstad".

Jon Ove Ringstad

Sunn-

møre Golfklubb, Snipsøyrdalsvegen 77, 6060 Hareid

